

---

Vår referanse 2021/51419-2  
Dato 05.11.2021

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjon - gnr. 1, bnr. 61 - Flatøy - Alver kommune

Viser til brev dagsett 13.10.2021 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Like nord for gnr. 1, bnr. 61 ligg det eit automatisk freda kulturminne frå steinalder (Askeladden id. 108015). Arkeologar frå Vestland fylkeskommune gjennomførte ei synfaring i det gjeldande arealet 03.11.2021. Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne der tiltaka skal gjennomførast vart vurdert til å vera lågt. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*